



Elg som trekkjer inn i bustadområde i kommunen.

Det er mange av oss som har elg tett innpå livet no om dagen. Vi har hatt ein kald vinter.

Kommunen har mange telefonar om dette og Jegerkorpset prøvar så godt ein kan å gjera tiltak. Så vert det ei avveging kor mykje plager ein skal tole og ikkje minst

dersom ein ser at dyret er til fare for folk og ikkje minst born.

Vi har ein låg terskel for å gå inn å fjerne dyret ,men vi gjer det ikkje nødvendigvis ved fyrste telefon.

Den andre sida er at det ikkje alltid er like lett, på ein forsvarleg, måte å avlive ein dyr inne i bustadfelt.

Det er noko tiltak kvar og ein kan gjera for å avgrense problema.

- Ikkje legg ut mat til dyra
- Det hjelper lite over tid å kaste vedkubbar og liknande etter dyra
- Møter du elg – trekk deg roleg tilbake og la dyret få tid på seg til å trekke seg vekk.
- Ver varsam med å gå på dyr og særleg dersom du har hund
- Ver varsam med elgkyr med kalv – kom ikkje mellom kalven og kyra

Elge trekkjer ned i bustadfelt fordi her er mat. Kanskje kunne Vel –foreningar til våren taka ein ryddesjau i bustadfeltet. Taka bort unødig kratt selje, osp, rogn. Det er mykje god elgmat og ved.

Kommunen vil nok ein gong oppmode jaktlag til hardare jakting rundt tettstadene i kommunen der dette er eit problem.

Så er det nok også slik at vi må lære å leva med elgen, men sjølvsagt innan visse grenser – kor nå enn dei .

Det er framleis slik at ein får ringe kommunen dersom plagene vert for store ,så kjem vi å vurderer tiltak/ gjer tiltak.

Dalen 3 .mars 2010

Sverre Bakke
skogbrukssjef